



Bakgrunn for vedtak

Uttak av vatn frå Reistadelva

Vestnes kommune i Møre og Romsdal fylke

Tiltakshaver SalMar Genetics AS
Referanse 201908417-18
Dato 08.04.2022
Ansvarleg Gry Berg
Sakshandsamar Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.setjas automatisk inn ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

1	SAMANDRAG	1
2	SØKNAD.....	2
3	HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING.....	7
4	NVE SI VURDERING	9
5	NVE SIN KONKLUSJON	13
6	FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK.....	13
7	MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA	14
8	VEDLEGG.....	16

1 Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn frå Reistadelva i Vestnes kommune.

SalMar Genetics AS planlegg utviding av produksjonen og søker difor om konsesjon til eksisterande vassuttak i Reistadelva. Eksisterande vassuttak til anlegget vart bygt ved etablering av anlegget i 1983 og har sidan vore i kontinuerleg drift. Då SalMar Genetics no står framom ei større oppgradering av anlegget, ønskjer verksemda å få konsesjon til eksisterande vassuttak for å ha trygge føreseielege rammer for framtidig drift og investeringar.

Planlagt maksimalt vassforbruk er 150 l/s (9 m³/min), gjennomsnittleg uttak av vatn er avgrensa til 117 l/s (7 m³/s) over året. Frå vassinntaket i Reistadelva på kote 20 går det røyrleidningar til produksjonsanlegga på aust- og vestsida av elva. Dei tekniske installasjonane er allereie etablerte. Omsøkt tiltak fører til redusert vassføring over ei elvestrekning på om lag 110 m - før utløpet i Romsdalsfjorden. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 24 l/s heile året frå inntaket.

Tiltaket er ikkje vurdert etter vassressurslova tidlegare.

Vestnes kommune har ingen merknadar til SalMar Genetics AS sin konsesjonssøknad.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er positiv til at det eksisterande vassuttaket no blir behandla etter vassressurslova. Statsforvaltaren meiner at tiltaket neppe vil påverke vandringsstilhøva for fisk eller naturtilhøva i vassdraget, men er likevel noko i tvil om minstevassføringa vil vere tilstrekkeleg i enkelte periodar i eit tørrår. Statsforvaltaren meiner difor at det er viktig at produksjonen er tilpassa til tilgjengeleg mengde vatn og at det blir tatt høgde for tørrår og uføresette hendingar.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal, og målet om god økologisk og kjemisk tilstand. Fylkeskommunen meiner at sjølv om omsøkte tiltak truleg ikkje vil påverke vassførekomsten negativt, synast oppgitt minstevassføring å vere beskjeden. Låg vassføring i tørre periodar vil kunne føre til negativ påverknad på anadrom fisk, og dermed kome i konflikt med miljømålet til vassførekomsten. NVE bør derfor sette vilkår om at anlegget har på plass ein beredskap for tørkeperiodar ol. som ivaretek vassmiljøet i elva.

Høyringsuttale frå fem grunneigarar oppstraums tiltaksområdet - grunneigarane er ikkje i mot prosjektet, men er opptatt av at omsøkte tiltak ikkje må føre til avgrensingar eller restriksjonar på deira landbruksdrift og framtidige utviklingsmoglegheiter.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei oppgradering av SalMar Genetics AS sitt anlegg vil gi eit bidrag til produksjon av rogn og hald av stamfisk, og auke i verdiskaping lokalt og i regionen. Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta i om lag same omfang sidan 1983. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

NVE kjenner ikkje til viktige allmenne interesser som vil bli negativt påverka av tiltaket. Omsynet til fisk er vurdert spesielt sidan vassuttaket ligg på anadrom strekning i Reistadelva. Erfaringar med SalMar Genetics sitt vassuttak tilseier at vassuttaket ikkje har gitt større negative verknader for fisk og anna liv i elva. NVE vurderer at tiltaket er akseptabelt, og at ei vidareføring av vassuttaket slik det har vore fram til i dag ikkje vil få ytterlegare negative verknadar for biologisk mangfald.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev SalMar Genetics AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Reistadelva. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

2 Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå SalMar Genetics AS, datert 09.10.2020:

«SalMar Genetics AS har i dag uttak av vatn i Reistadelva i Rauma kommune i Møre og Romsdal fylke til landbasert stamfiskanlegg. Uttaket er ikkje handsama etter vassressurslova og ein søker med dette om følgjande løyve:

I Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å ta ut inntil 9 m³/min (150 l/s) frå Reistadelva og eit maksimalt uttak over året på 7,0 m³/min til SalMar Genetics AS for bruk til stamfisk- og rognproduksjon av atlantisk laks.*

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.»

2.1 Hovuddata for SalMar Genetics - lokalitet 12842 Reistad akvakulturanlegg

TILSIG		Hovudvasskjelde
Nedbørfelt	km ²	12,6
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	22,7
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	57,1
Middelvassføring normalår	l/s	719
Middelvassføring tørrår	l/s	500
Alminneleg lågvassføring	l/s	90
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	90
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	90
ANLEGGET		
Inntak	moh.	20
Avlaup	moh.	0
Lengde på påverka elvestrekning	m/km	110
Lengde på vassleidning	m	50
Tal vassleidningar	stk	2

Vassleidning, diameter	mm	Ø400/315	
Maksimal kapasitet på røyr	l/s	250	
Maksimalt gjennomsnittleg vassuttak	Mill. m ³ /år	3,7	Tilsvarar 117 l/s
Maksimalt vassuttak	l/s	150	Tilsvarar 9,0 m ³ /min
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	24	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	24	
Maksimalt tal smolt/fisk	Stk	10 000	

2.2 Om søkjar

SalMar Genetics AS er eit joint venture (fellesføretak) mellom SalMar ASA og Salmobreed AS. SalMar Genetics AS er driftsselskapet som driv setjefiskanlegg med stamfiskhald og rognproduksjon på lokalitet 12842 Reistad med akvakulturkonsesjon.

2.3 Skildring av området

Reistadelva har sitt opphav i fjellområda ca. 5,5 km sør for tettstaden Vågstranda. Frå fjellområda sør-vest for Svartavatnet (861 moh.) strekk Reistaddalen seg nordover og Reistadelva har utløp i Romsdalsfjorden. Den mest høgtliggjande delen av nedbørfeltet finn vi i sør-vest med Blåtinden (1166 moh.), Midttinden (1220) og Trolltinden (1241) som dei høgste toppane. Øvre del av nedbørfeltet er prega av snauffjell. Rundt Svartevatnet og i Reistaddalen er det fleire merka turstiar. Øvste del av dalen er i liten grad utsett for inngrep, og dei få inngrepa som er, har liten innverknad på elva.

I dei midtre til nedre delane av dalen går vegetasjonen over til granskog og plantefelt. Vidare i eit område går dalen over i dyrka mark med noko gardsdrift, der det er registrert eit område med gråor og heggeskog. Om lag to kilometer frå utløpet renn elva rolegare gjennom eit flatare parti med finare substrat i elvebotn.

I nedre del renn elva gjennom tettstaden Reistaddalen med bustadhus, matbutikk og akvakulturanlegget til SalMar Genetics AS med eksisterande vassinntak. Elva renn heile vegen i nordleg retning, og har ingen utprega juv. Nedre delar av elva går relativt bratt, består av store steinblokker og går i naturlege fossar og stryk med kulpar innimellom. Rett oppstrøms akvakulturanlegget kryssar tre bruer over elveløpet. Dette er E136 og to mindre kommunale vegar. Akvakulturanlegget ligg på eigedomar som alle er eigd av søkjar eller mor-/dotterselskap.

2.4 Eksisterande inngrep

Eksisterande vassinntak til anlegget ligg på austre elvebreidd om lag på kote 20 og om lag 110 m frå utløpet til Romsdalsfjorden. Inntakskonstruksjonane består av ei 5 m lang og 1,5 m brei inntaksrenne utført i betongelement. Renna har luker i front og eit inntakshus oppå ein betongkum. I inntakshuset er det plassert eit filtersystem (bandfilter) som filtrerer vatnet før det går via røyrleidningar til verksemda sine produksjonsanlegg på aust- og vestsida av elva. Ein overløpskanal leier vatn frå inntaket og tilbake til Reistadelva nedstrøms terskelen. Inntaket vart bygd i samband med oppstarten av anlegget i 1983, og har vore i bruk sidan. Frå inntaket går det to stk. røyrleidningar på Ø400 mm og Ø315 mm til produksjonsanlegga aust og vest for elva. Ved inntaksrenna er det ein kulp som er etablert ved hjelp av ein mura, glatt terskel frå 1980-talet. Utforming av terskelen har sin bakgrunn i ønsket om å sikre mot opphoping av is/stein, tre og busker som vert ført med elva under flaum eller isgang. Terskelen hindrar ikkje opp- eller nedvandring av fisk.

I Reistadelva har Vågstranda Vassverk SA uttak til drikkevatt til forsyning av bygda Vågstranda. Uttaket er plassert om lag 2,9 km opp i Reistadelva. Vassverket er privat og har eksistert sidan 1973.

Det går fleire bruer over Reistadelva. Den største på E136 og to like nedanfor på kommunale vegar, om lag 200 m frå sjøen. I tillegg til desse står det nokre betongfundament i elva, der funksjon og opphav er usikkert, men det kan antakast at dei stammar frå arbeid i samband med bygging av bruene.

2.5 Teknisk plan

2.5.1 Regulering

Det er ingen etablerte eller planlagde reguleringsmagasin i tilknytning til tiltaket.

2.5.2 Overføring

Prosjektet er ikkje planlagt med overføringar

2.5.3 Inntak


Inntaket er plassert i Reistadelva på gnr. 193, bnr. 43, om lag 110 m oppstraums utløpet av elva. Inntaket består av betongkonstruksjonar med rister over. Det er ingen damkonstruksjon eller magasin knytt til inntaket. Inntakskonstruksjonane består av ei 5 m lang og 1,5 m brei inntaksrenne utført i betongelement med rister over. Renna har mobil front med luker og eit inntakshus oppå ein betongkum. I inntakshuset er det plassert eit filtersystem (bandfilter) som filtrerer vatnet før det går via rørleidningar til verksemda sine produksjonsanlegg på aust- og vestsida av elva. Ein overløpskanal leier vatn frå inntaket og tilbake i Reistadelva. Inntaket vart bygd i samband med oppstarten av anlegget i 1983.

Nedstraums inntakspunktet er det ein oppmurt, glatt terskel. Terskelen er utforma med ei avrunda og relativt glatt overflate for å hindre opphoping av is/stein, tre og busker som vert ført med elva under flaum eller isgang. Terskelen hindrar ikkje opp- og nedvandring av fisk.

Det vert søkt om ei minstevassføring på 24 l/s. Det er planlagt ei minstevassføringsløyseing med røyr frå kum i inntaket og tilbake i elva like nedstraums terskelen i elva. På røyret vert det montert vassmålar og reguleringsventil for kontroll og dokumentasjon av minstevassføring.

2.5.4 Vassveg

Frå inntaket går det to stk. rørleidningar på Ø400 mm og Ø315 mm til produksjonsanlegga aust og vest for elva. Det største røyret kryssar elva over røyrbu til anlegget på vestsida, og er delvis nedgrave. Det mindre røyret er heilt nedgrave og går til anleggsområdet aust for elva. Det er ikkje trong for ytterlegare tiltak knytt til vassvegen. Den totale lengda på vassleidningane er i overkant av 50 m for kvar. Sjå figur under.



Figur 1: Kartutsnitt som viser inntak og rør.

2.5.5 Veg

Det skal ikkje byggast nye eller gjerast tiltak på eksisterande vegar. Tilkomstveg til anlegget er via kommunal veg Reistaddalen, som går over i privat veg inn mot produksjonsanlegget på austsida og bru til anlegget på vestsida.

2.5.6 Arealbruk og eigedomsforhold

Det vert ingen arealbruk utover eksisterande vassinntak og produksjonsanlegg.

Eksisterande vassinntak ligg på gnr./bnr.193/43 og er eigd av SalMar Genetics AS.


Produksjonsanlegga er plassert på fleire eigedomar, og SalMar Genetics AS eller mor-/dotterselskap er eigar av alle eigedomane.

2.5.7 Drift av anlegget

Historiske data frå anlegget i perioden januar 2013 til mai 2019 er nytta for oversikt over biomasse og vassforbruk ved anlegget. Biomasse aukar frå landsetjing av stamfisk i mai, og når toppen i august-september like før oppstart av stryking og produksjon av rogn i september. Frå strykeprosessen startar i september gir det ein gradvis reduksjon i biomasse fram til siste stryking i mars påfølgande år.

Produksjon av rogn går føre seg i perioden september til mars påfølgande år og ligg inkubert fram til siste levering i september påfølgande år. Produksjonen ved anlegget er fordelt på to avdelingar - stamfisk og rogn. I eit typisk produksjonsår vil anlegget fyllast med stamfisk i mai, og denne fisken står på land fram til den er kjønnsmoden i september. Rognavdelinga er i denne perioden tom. Frå september til januar vert det produsert rogn av stamfisken, og fisken vert avliva etter kvart som rogn vert tatt ut. Det betyr at stamfiskavdelinga tømmast parallelt med at rognavdelinga vert fylt, frå slutten av januar og fram til ny stamfisk vert sett i land i mai månad året etter.

Historiske data for vassforbruk for stamfisk, rognproduksjon og samla forbruk er vist i figur 2 nedanfor.



Figur 2 – Vassforbruk fordelt på fisk (blå) og rogn (oransje), og total (grå).

Anlegget har inga anna ferskvasskjelde til reserve. Utbyggar opplyser at dersom det skulle bli nødvendig, kan stamfiskanlegget gjere nytte av UV-behandla sjøvatn (om lag 6000 l/min) som ei naudløysing ved bortfall av ferskvatn frå Reistadelva.

2.5.8 Vassparande tiltak

I perioden januar-april står produksjon av rogn for hovudtyngda av vassforbruket, medan stamfisk står for storparten av vassforbruk i perioden mai-desember. I fylgje søkjar er det per i dag ingen bruk av resirkulering av vatn på stamfiskavdelinga av anlegget, men resirkulering av vatn på delar av rognavdelinga. Det er i følgje søknaden ikkje behov for å ta i bruk vassparande tiltak for å imøtekomme omsøkt minstevassføring med eksisterande uttak. Dersom det skulle oppstå situasjonar eller periodar med svært lite vatn i Reistadelva, kan anlegget slik det er i dag, klare seg med ned mot 8,3 l/s på rognavdelinga og ca. 100 l/s på stamfiskavdelinga i korte periodar, dvs. 3-4 veker.

Planlagt ombygging og nybygg av stamfiskavdelinga vil redusere vassbehovet i krisesituasjonar ytterlegare då det vil bli lagt opp til bruk av resirkulering/RAS. SalMar Genetics har fått utarbeidd ei konsulentvurdering som seier at anlegget kan klare seg med ned mot 8,3 l/s med ein fiskebiomasse på 117 tonn (9000 stamfisk a 13 kg) i kortare periodar. Sjølv om anlegget ikkje fôrar fisk vil det skje ei opphoping av avfallsstoff om produkt frå stoffskifte (metabolittar) i vatnet ved høgt gjenbruk og resirkulering, difor vil ei så låg råvasstilsetjing berre kunne holdast i korte periodar før det får negativ effekt på vasskvaliteten (pH, TAN, CO₂, mm). Minimumsbehov på rognavdeling vil være 8,3 l/s også etter ei utviding av produksjonen og ombygging til større grad av gjenbruk. Sidan stamfiskavdelinga vert tømt parallelt med at rognavdeling vert fylt, vil det aldri vere fullt i begge avdelingane og anlegget sett under eit kan i naudsituasjonar klare seg med ned mot 8,3 l/s uansett tid på året.

2.6 Forholdet til offentlege planer

2.6.1 Kommuneplan

Område med vassinntak og produksjonslokale er i kommunedelplan for Rauma kommune (planid: 153901295 – Vågstranda - sett i kraft 01.08.1995), i arealdelen - regulert til bustadføremål. Søkjar opplyser at dei har starta arbeidet med reguleringsendring av området frå bustadføremål til

industri/næring. Det kan opplyst at dette vert sakshandsama av Vestnes kommune sidan Vågstranda, som fylgje av endra kommunegrense, ligg i Vestnes kommune frå 01.01.2021.

2.6.2 Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna

2.6.3 Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje ein del av nasjonale laksevassdrag.

2.6.4 Andre verneområde

Tiltaksområdet, eller deler av det, er ikkje verna etter naturmangfaldlova eller freda etter kulturminnelova eller andre verneplanar. Tettstaden Vågstranda har to verna/freda områder. Lunds fjellet og Vågstranda. Tiltaket er ikkje i konflikt med eller har negative verknader for desse. Det er ikkje andre verna områder i nærleiken som vert påverka av tiltaket.

2.6.5 EU sitt vassdirektiv

Møre og Romsdal vassregion er delt i 5 vassområder; Nordre Nordmøre, Søre Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre. Det omsøkte tiltaket soknar under Romsdal vassområde. Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion for 2016-2021 vart vedteken av fylkestinget i 2015 og er gjeldande. Akvakultur og vassuttak er nemnt som to av sju hovudutfordringane i vassregion Møre og Romsdal, men Reistadelva er ikkje nemnt og tiltaket er ikkje vurdert til å ha negativ verknad for vasskvaliteten i elva.

3 Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 10.06.2021 saman med representantar for tiltakshavar, Statsforvaltaren, grunneigarar og ein privatperson. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine egne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Vestnes kommune har ingen merknad til SalMar Genetics AS sin konsesjonssøknad om løyve til uttak av vatn frå Reistadelva til produksjon av rogn og hald av stamfisk.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal konkluderer med følgjande i sin uttale:

«Statsforvaltaren ser positivt på at det eksisterande vassuttaket no blir behandla etter vassressurslova.

Det er lagt opp til eit gjennomsnittleg vassuttak over året på 21 % av middelvassføringa. Dette vil neppe påverke vandringstilhøva for fisk eller naturtilhøva elles i vassdraget. Vi er likevel noko i tvil om minstevassføringa vil vere tilstrekkeleg i enkelte periodar i eit tørrår. Det er derfor viktig at produksjonen er tilpassa til ein kvar tid tilgjengeleg vatn og at det blir tatt høgde for uføresette hendingar som tørrår, leveringsvanskar m.m. Det vil derfor vere naudsynt at bedrifta har beredskapsplanar og også kan dokumentere vassparande tiltak.»

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal, og målet om god økologisk og kjemisk tilstand. Reistadelva har ifølge vann-nett god økologisk tilstand. Miljømålet for vassførekomsten er å oppretthalde god miljøtilstand. Fylkeskommunen meiner at sjølv

om omsøkte tiltak truleg ikkje vil påverke vassførekomsten negativt, verkar oppgitt minstevassføring å vere beskjeden. Det er ikkje sikkert den vil vere tilstrekkeleg i tørre periodar. Dette vil kunne føre til negativ påverknad på anadrom fisk, og dermed kome i konflikt med miljømålet til vassførekomsten. I søknad er det oppgitt at anlegget i naudsituasjonar kan klare seg med ned mot 8,3 l/s uansett tid på året. NVE bør derfor sette inn vilkår i konsesjon om at produksjonen har på plass ein beredskap for tørkeperiodar ol. som ivaretek vassmiljøet i elva.

Høyringsuttale via advokatfirmaet Øverbø Gjørtz frå fem grunneigarar oppstraums tiltaksområdet - utgjør 85 % av nedslagsfeltet til Reistadelva

Grunneigarane er ikkje i mot prosjektet, men viser til at dei rår over bruken av vassressursen på sine eigedomar, og at ingen av grunneigarane har avstått rettigheter i Reistad-elva ved avtale eller ekspropriasjon. Grunneigarane er opptatt av at omsøkte tiltak ikkje må føre til avgrensingar eller restriksjonar på deira landbruksdrift og framtidige utviklingsmoglegheiter. Dette gjeld både rettigheter knytt til (i) landbruk, (ii) skogbruk og (iii) utnytting av fallrettar.

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 21.04.2021 kommentert høyringsuttalane.

«Våre kommentarar til uttalelsene i forbindelse med søknad om vassdragskonsesjon.

Det vises til høring av søknad til tillatelse om uttak av vann fra Reistadelva i Vestnes Kommune, med høringsfrist 27. januar 2021.

Det har kommet inn høyringsuttalelser fra følgende parter:

-Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 27. januar

-Statsforvalter i Møre og Romsdal, datert 25. januar

-Advokat Marina Opstad på vegne av nærmere angitte grunneiere, datert 27. januar

-Vestnes Kommune, datert 20. april

Ingen av uttalelsene kommer med innvendinger til tiltaket, men noen av dem krever ytterligere kommentarar fra søker.

Nedenfor gis våre kommentarar til disse høyringsuttalelsene:

Kommentar til uttalelsene fra Møre og Romsdal fylkeskommune, samt Statsforvalteren:

Rapport fra Rådgivende Biologer skal nå være registrert i vann-nett som forespurt.

Begge poengterer at det bør foreligge en beredskapsplan for handtering av tørkeperioder slik at minstevassføring ikke blir for lav og viser til tilstand registrert i vann-nett.

Som nevnt i søknad vil anlegget basere seg på RAS/gjenbruks teknologi. Resirkuleringsgraden kan i perioder økes slik at vi klarer oss med helt ned mot 8,3 l/s slik at minstevassføring ikke kompromitteres.

Videre avsluttes normalt strykesesongen i løpet av januar, så vi vil ha ingen til svært liten biomasse fisk i anlegget i februar som er en typisk periode med lav vannføring. Vi kan da alternativt avslutte strykesesongen tidligere dersom vannsituasjonen krever det. Dersom ekstrem tørke skulle inntreffe sensommers, kan man øke innblanding av sjøvann på stamfiskens dersom biosikkerhet og myndighetskrav kan ivaretas på en tilfredsstillende måte.

Alt dette vil bli risikovurdert og implementert i vår beredskapsplan. Videre vil det følgelig utarbeides prosedyrer for iverksettelse og gjennomføring av de ulike tiltakene.

Kommentar til uttalelsene fra grunneiere:

I høringsuttalelsen på vegne av nærmere angitte grunneiere av 27. januar 2021 er det innledningsvis nevnt forhold knyttet til grunneiernes rådighet, historikk og eierskap til nedslagsfeltet som vi ikke går nærmere inn på idet det antas å ikke ha betydning for behandlingen av konsesjonssøknaden. Vi kan heller ikke se at det skulle være behov for å etablere privatrettslige avtaler med grunneierne i forhold til det omsøkte tiltak.

Vi kan ikke se at det omsøkte tiltak vil berøre de private rettighetene til grunneiere av landbrukseiendommene i Reistad dalen. Vi kan heller ikke se at det omsøkte tiltaket innebærer skader eller relevante ulemper for private (eller allmenne interesser), heller ikke for grunneierne oppstrøms i vassdraget.

De interessene som trekkes frem fra grunneiernes side er nokså generelt beskrevet, men er slik vi oppfatter det knyttet til grunneiernes egne mulige terrenginngrep og andre tiltak (oppstrøms for tiltaket) som kan påvirke anlegget og bruken av vannet negativt. Det trekkes blant annet frem tiltak som kan lede til forringet vannkvalitet i vassdraget. Disse forhold kan etter vårt syn ikke begrunne avbøtende tiltak/særlige vilkår i konsesjonen etter vannressursloven § 26.

Vi forutsetter i den forbindelse at all virksomhet langs vassdraget drives i tråd med vannressurslovens bestemmelser, og annet relevant regelverk knyttet til utslipp, terrenginngrep mv slik som forurensningsloven. Tiltak fra grunneiernes side som griper inn i disse reglene eller i anleggets interesser må i så fall vurderes som konkrete enkelt saker, og vi kan ikke se at dette skulle foranledige særlige spørsmål under konsesjonsbehandlingen.

Kommentar til uttalelse fra Vestnes Kommune:

Vi konstaterer at Vestnes Kommune i en epost til NVE datert 20. april, heller ikke har noen innvendinger mot tiltaket.»

4 NVE si vurdering

Det omsøkte tiltaket gjeld videreføring og formalisering av vassuttak frå Reistadelva. Vatnet skal brukast til produksjon av rogn og hald av stamfisk av laks. Dei fysiske inngrepa er allereie etablert. NVE behandlar vassuttak og infrastruktur frå inntak og fram til settefiskanlegget (inntak, dam og vassveg).

4.1 Hydrologiske verknader av tiltaket

Inntaket i Reistadelva har eit nedbørfelt på 12,6 km² og middelvassføringa er berekna til 719 l/s. Det er ingen innsjøar i nedslagsfeltet, men normalt vert det liggande ein del vatn som snø i dei høgareliggande områda. Avrenninga varierer frå år til år med regnflaumar haust og vinter, og vårflaumar i snøsmeltinga. Låge vassføringar kan opptre heile året, men dei lågaste vassføringane opptre gjerne om sommaren eller tidleg på vinteren når elva frys til. 5-persentil sommar- og vintervassføring er begge berekna til 90 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er også berekna til 90 l/s. Maksimalt vassuttak er planlagt til 150 l/s og skal berre nyttast når tilsiget tillèt det. Det vert opplyst at det aldri vil vere fullt i både rognavdeling og stamfiskavdeling samtidig, og at anlegget sett under eitt i naudsituasjonar kan klare seg med ned mot 8,3 l/s uansett tid på året.

Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 24 l/s heile året. I følge søknaden vil dette føre til at 16,7 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta i stamfiskanlegget til produksjon av rogn og hald av stamfisk. NVE meiner at det planlagde uttaket av vatn tek vare på mykje av vassdraget sin naturlege vassføringsdynamikk nedstrøms inntaket ved at 83,3 % av vassmengd er tilbake i vassdraget.

Med eit maksimalt gjennomsnittleg uttak av vatn på 117 l/s, vil dette gje ei restvassføring på ca. 600 l/s rett nedstraums inntaket som eit gjennomsnitt over året. Det meste av dette vil kome i flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane vert i liten grad påverka av utbygginga. I følgje hydrologiske berekningar vil det vere 232 dagar med vassføring større enn største vannuttak pluss planlagt minstevassføring i eit middels vått år. Tilsvarende tal for eit tørt år er 195 dagar, og for eit vått år er 335 dagar. Berekingar viser at det vil vere éin dag med vassføring mindre enn minste driftsvassføring pluss planlagt minstevassføring i eit tørt år, dvs. minstevassføringa kan då gå under 24 l/s. I eit middels og eit vått år vil det normalt ikkje vere vassføringar som ikkje kan dekkje minste driftsvassføring pluss slepp av minstevassføring på 24 l/s.

NVE vurderer at vassuttaket frå Reistadelva er lågt med tanke på tilgjengeleg vassmengd store delar av året. Ved lågvassføringar har anlegget moglegheit til å sette inn vasssparande tiltak slik at anlegget kan klare seg med eit uttak heilt ned til 8,3 l/. Sjølv om vassuttaket utgjer ein større del ved lågvassføringar er det tilstrekkeleg vatn i Reistadelva til å kunne sikre nok vatn til settefiskanlegget gjennom heile året.

4.2 Naturmangfald

Det er ikkje planlagt nye inngrep i terrenget og omsøkte vassdragskonsesjon vil ikkje føre til endring frå dagens situasjon. NVE si vurdering er difor avgrensa til å gjelde uttaket av vatn og verknader av dette.

Forutan sjøaure og laks er det ikkje registrert viktige naturtypar eller sjeldsynte artar knytt til influensområdet. Ål er raudlista som sterkt truga (EN) i Norsk raudliste 2021. Det er ikkje registrert ål i Reistadelva, men ål kan truleg vandre opp i vassdraget. Vassdraget er likevel lite eigna for ål då elva er relativt stri og bratt utan tilgjengelege innsjøar. NVE vurderer at vandringsvegen for ål ikkje vert vesentleg påverka og vurderer difor at ål ikkje vert påverka av tiltaket.

Rådgivende Biologer AS (RB) har på oppdrag frå SalMar Genetics gjennomført habitatvurdering og ungfiskundersøkingar i Reistadelva i august 2020. Rapporten omtalar at Reistadelva i liten grad er utsett for inngrep, og såleis framstår som tilnærma upåverka av eksisterande inngrep. Desse inngrepa omfattar inntakskonstruksjonar for vassverk, bruer og vassinntak for omsøkte tiltak. I Lakseregisteret er Reistadelva registrert med ei anadrom strekning på éin kilometer. RB har vurdert endeleg vandringsbarriere til å ligge ytterlegare ca. 2,4 kilometer lenger opp i elva, og anadrom strekning er vurdert til potensielt å vere 3,4 kilometer. RB vurderer at det er to temporære vandringshinder innanfor den nedste kilometeren, der særleg det nedste partiet framstår som spesielt utfordrande å forsere, men truleg ikkje umogleg.

Nedre del av elva består av stryk, med substrat av stein, blokker og noko fjell, og dårlege gyteforhold. Omkring to kilometer frå sjø renn elva meir roleg gjennom eit noko flatare område, med fleire sideløp og finare substrat. Denne delen av elva har gode oppvekstforhold for småfisk, og parti med egna gyteforhold. Dei øvre delane av elva er nokså lik nedre del, med stryk som går over parti med grov stein og blokk.

Ved fiske med elektrisk fiskeapparat på fire stasjonar vart det berre fanga aure, med ei lengdefordeling som indikerte dominans av stasjonær fisk, og tettheit som tilsvarar "dårleg" tilstand. Berre på øvste stasjon vart det fanga årsyngel, og på nedste stasjon vart det observert ein blank sjøaure, ca. 20 meter frå sjø. Ved ei undersøking utført av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 1989 vart det fanga fem lakseungar på dei nedste 100 meter av elva, og i rapport frå NINA frå 1990 er det referert til at det ved undersøkinga i 1989 vart fanga lakseungar som var rømt frå settefiskanlegg. Resultat frå undersøkingane i både 1989 og 2020 indikerer at det ikkje er noko laksebestand i Reistadelva, og truleg svært lite sjøaure.

Uttaket av vatn til stamfiskanlegget har potensiell påverknad på dei nedste 110 meterane før utløp til sjø. RB vurderer at omsøkt uttak av vatn truleg i svært liten grad vil påverke oppvandringsforholda på

elvestrekninga. RB har vurdert slepp av ei minstevassføring på 24 l/s. Dei meiner at den lågaste vassføringa i elva truleg vil førekomme i januar-februar, når elva frys til. Under ein slik situasjon kan ein forvente at aure av mindre årsklassar er til stades på strekninga, samt at det er mogleg med overvintrande sjøaure. RB meiner denne fisken vil opphalde seg i kulpar og nær utlaup til sjø, og truleg i liten grad bli påverka av minstevassføringa.

I høyringsuttalane frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune, vert det vist til at planlagt slepp av minstevassføring synast låg, og dei meiner at minstevassføringa kan bli knapp i tørre periodar.

Eit settefiskanlegg har kontinuerleg uttak av vatn og kan ikkje stoppe uttaket så lenge det er produksjon/fisk i anlegget. Ved uttak av vatn direkte frå ei elv som i dette tilfellet, utan moglegheit for å halde tilbake vatn, er det såleis ikkje til å unngå at kontinuerleg uttak av vatn kjem i konflikt med lågvassføringar. NVE vurderer difor at det er uråd å setje krav til slepp av minstevassføring som ligg på nivå med naturlege lågvassføringar heile året. Ved eit kontinuerleg vassuttak til settefiskanlegg der det ikkje er moglegheit for å magasinere vatn, vil det vere avgjerande kor stort vassuttaket vert i høve til lågvassføringar som vil inntreffe, og om vassmengda som er tilbake er tilstrekkeleg til å ivareta dei verdiane som er knytt til aktuell elvestrekning.

Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta i om lag same omfang sidan 1983. Søkjar opplyser at planlagt ombygging og nybygg av stamfiskavdelinga vil redusere vassbehovet i krisesituasjonar i høve tidlegare drift då det vil bli lagt opp til bruk av resirkulering/RAS. Det er foreslått slepp av minstevassføring som vil betre tilhøva noko i tørre periodar. Påverknadane på sjøaure i Reistadelva vil vere om lag som i dag, men med noko betra tilhøve i tørre periodar, som er dei mest kritiske for fisken i dag.

NVE vurderer at Reistadelva har noko verdi som gyte- og oppvekstområde for aure/sjøaure, men vurderer at elva ikkje har noko verdi for laks. NVE vurderer produksjonspotensialet for sjøaure i Reistadelva som svært avgrensa, og at fordelane med å auke krav til minstevassføring ut over det omsøkte ikkje overstig ulempene det vil medføre for settefiskanlegget.

4.2.1 Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om uttak av vatn frå Reistadelva legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 17.03.2022. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til SalMar Genetics sitt vassuttak i Reistadelva er det ikkje registrert viktige naturtypar eller område for biologisk mangfald. Det vandrar sjøaure og truleg ål på strekninga. NVE vurderer at desse artane i liten grad vert påverka av tiltaket. Eit uttak av vatn frå Reistadelva vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast særleg.

4.3 Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

I det påverka området, som er SalMar Genetics sitt industriområde, er det ikkje andre rettshavarar, og området er berre brukt til industriføremål. NVE vurderer at landskap-, friluftsliv- og brukarinteresser ikkje vil bli vesentleg påverka av tiltaket.

4.4 Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne i tiltaksområdet. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar.

4.5 Flaum, ras og skred

Reistadelva, inntaksområdet og anleggsområda er alle innanfor aktsemdområde for flaum. Søkjar opplyser at det ikkje er registrert flaumskred/lausmasseskred i området, eller hendingar som har påverka drifta i/ved anlegget sidan oppstarten i 1983. Sidan tiltaket ikkje inneber nyetableringar eller anleggsverksemd, vil det ikkje vere noko ny aktivitet som vil påverke flaum- eller erosjonstilhøva langs elva.

4.6 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

I Reistadelva har Vågstranda Vassverk SA uttak til drikkevatn til forsyning av bygda Vågstranda. Uttaket er plassert om lag 2,9 km opp i Reistadelva. Vassverket er privat og har eksistert sidan 1973. Det er ikkje anna verksemd som nyttar eller tek ut drikkevatn, eller anna bruksvatn i den påverka delen av elva.

4.7 Samfunnsmessige fordelar

Stamfiskanlegget sysselset i dag 7 tilsette, og er med det den største arbeidsplassen i bygda Vågstranda. Tiltakshavar skildrar at ei oppgradering av anlegget er avgjerande for vidare drift, satsing og utvikling av anlegget. Det omsøkte tiltaket vil gje inntekter til søkar og generere skatteinntekter til kommunen.

4.8 Oppsummering

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til fiskeanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei oppgradering av SalMar Genetics AS sitt anlegg vil gi eit bidrag til produksjon av rogn og auke verdiskaping lokalt og i regionen. Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta i om lag same omfang sidan 1983. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

NVE kjenner ikkje til viktige allmenne interesser som vil bli negativt påverka av tiltaket. Omsynet til fisk er vurdert spesielt sidan vassuttaket ligg på anadrom strekning i Reistadelva. Erfaringar med anlegget sitt uttak av vatn tilseier at vassuttaket ikkje har gitt større negative verknader for fisk og anna liv i elva. NVE vurderer at tiltaket er akseptabelt, og at ei vidareføring av vassuttaket slik det har vore fram til i dag ikkje vil få ytterlegare negative verknadar for biologisk mangfald.

5 NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev SalMar Genetics AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Reistadelva. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

6 Forholdet til anna lovverk

6.1 Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

6.2 Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Statsforvaltaren høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av produksjon av rogn og hald av stamfisk, med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

7 Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

7.1.1 Post 1: Vassuttak og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	719
Alminneleg lågvassføring	l/s	90
5-persentil sommar	l/s	90
5-persentil vinter	l/s	90
Største vassuttak	l/s	150
Gjennomsnittleg vassuttak	l/s	117
Slepp av minstevassføring	l/s	24

Vassuttak

SalMar Genetics AS søker om maks vassuttak på 150 l/s (9 m³/min), når tilsiget tillèt det, og maksimalt gjennomsnittleg uttak over året på 117 l/s (7,0 m³/min).

Slepp av vatn

Som avbøtande tiltak foreslår SalMar Genetics AS å sleppe ei minstevassføring på 24 l/s heile året.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune viser til at minstevassføringa kan bli knapp i tørre periodar, og indikerer såleis at det bør vurderast om det skal sleppast ei større minstevassføring.

Det har tidlegare ikkje vore krav om slepp av minstevassføring i vassdraget. Det vandrar sjøaure opp i Reistadelva og ei minstevassføring vil vere eit positivt bidrag for i sikre oppvekstområder for sjøaure i periodar med lite tilsig i vassdraget. NVE vurderer at vassressursen er knapp i tørreperiodar og at produksjonspotensialet for sjøaure i Reistadelva er låg. Påverka elvestrekning er kort og inntaksarrangement utgjer ikkje noko vandringshinder for sjøaure. NVE meiner difor at fordelane med å auke krav til minstevassføring ut over det omsøkte ikkje overstig ulempene det vil medføre for stamfiskanlegget.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 24 l/s heile året.

7.1.2 Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar vassuttak, inntaksdam og eksisterande røyrleidningar. Vi viser også til merknadane i vilkår post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Eksisterande inntak i Reistadelva skal nyttast. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring i Reistadelva skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Eksisterande vassveg, som beskrive i søknaden, skal nyttast.
Største vassuttak	Maks uttak av vatn er avgrensa til 150 l/s (9 m ³ /min).
Gjennomsnittleg vassuttak	Søknaden oppgir årleg gjennomsnittleg uttak til 117 l/s (7 m ³ /min).

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

7.1.3 Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

7.1.4 Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

7.1.5 Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.


7.1.6 Post 10: Registrering av minstevassføring m.v.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggest fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

8 Vedlegg

Kart over vassinntak og vassleidningar til Salmar Genetics AS.



Flyfoto frå området.

